

Saksnr: 2019/116-1
Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld og Atle Skrede

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		02.12.2019
Fylkesutvalet		03.12.2019

Innspel til ny stortingsmelding om idrett**Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet vedtek innspel til ny stortingsmelding om idrett slik det framgår av vedlegget.

Samandrag

Kulturdepartementet har sett i gang arbeidet med ei ny melding til Stortinget om den statlege idrettspolitikken (del av regjeringa si Granavollplattform 17.01.2019). Meldinga skal drøfte viktige vegval i idrettspolitikken, og fylkeskommunane er særskilt utfordra på å kome med innspel på tema og utfordringar og på rollefordeling mellom ulike aktørar for å nå overordna mål. Frist for å sende skriftlege innspel er 31. desember 2019. Innspel frå Vestland fylkeskommune baserer seg på regional kulturplan i Hordaland 2015-2025, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 og Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemlidar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Per Morten Ekerhovd
påtroppande fylkesdirektør for
kultur, idrett og inkludering

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Vedlegg

1 Utkast innspel til idrettsmeldinga november 2019 (002)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjeldande Meld.St. 26 *Den norske idrettsmodellen* vart vedteken i juni 2012. Kulturdepartementet har sett i gang arbeidet med ei ny melding til Stortinget om den statlege idrettspolitikken. 27. september 2019 var alle fylkeskommunane invitert til Kulturdepartementet for å gje munnlege innspel til meldingsarbeidet. Der deltok representantar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune. Fristen for skriftlege innspel er 31. desember 2019.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

Fylkesrådmannen er positiv til at departementet inviterer til medverknad i utforminga av den nye idrettsmeldinga. Meldinga vil gje føringa for idrettspolitikken på ulike nivå og vere styrande for bruken av ulike verkemiddel t.d. spelemiddlar til idrett og fysisk aktivitet.

Økonomi: Ingen relevans

Klima: FN sine bærekraftsmål bør ligge til grunn for den nye idrettsmeldinga

Folkehelse: Nasjonal idrettspolitik er ein del av folkehelsearbeidet og legg føringar for bruk av viktige verkemiddel.

Regional planstrategi: Nasjonal politikk påverkar utviklinga av regional politikk på fagfeltet

Konklusjon

Prosjektleiar tilrår fylkesutvalet å vedta innspel til ny stortingsmelding om idrett.